

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

24.01.2016

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tirsdag, 26.01.2016 kl. 10.30 på «Høgda»

SAKLISTE:

- Sak 01/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 20.10.2015
- « 02/16 - Avlysing av anbodskonkurranse VA – anlegg Svemorka - Furset
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 20.10.2015 kl. 16.05
Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Anne Melgaard, varamedlem Svein Kvaløy og varamedlem Kåre Rørhuus-Øie

= **5 voterande**

Eva Rinde Habostad og Ole Jørgen Sve hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Stranda kommune møtte ordførar Jan Ove Tryggestad og økonomisjef Ståle Anker Ljøen.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 15/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16.06. 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. juni 2015 blir godkjent.

SAK 16/15

**OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPER OG
ÅRSHJUL**

Saksdokument datert 12.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 17/15

KONROLLUTVALBOKA, SPØRJERUNDE OM KONTROLL OG REVISJON

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til.

SAK 18/15

**FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT STRANDA HAMNEVESEN –
ORIENTERING OM PROSJEKTSKISSE OG VIDARE FRAMDRIFT,
KOMMUNEREVISJONEN ORIENTERER I MØTET**

Prosjektskissa vart delt ut i møtet og det vart gitt ei orientering. Arbeidet er godt i gang og kontrollutvalet vil bli løpande orientert.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 19/15

FRAMDRIFTSPLAN FOR OVERORDNA ANALYSE - FORVALTNINGSREVISJON

Saksdokument datert 12.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen starte opp arbeidet med overordna analyse for forvaltningsrevisjon for komande valperiode.

SAK 20/15

OPPSTART SELSKAPSKONTROLL 2015 - 2019

Saksdokument datert 12.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek slik framdriftsplan for selskapskontroll:

- Plan til behandling i kommunestyret 1. møte i 2016
- Vedtak i kommunestyret, mars 2016
- Utforming av mandat/bestilling april/mai 2016
- Oppstart rapport august 2016
- Ferdig rapport september 2017
- Behandling i kontrollutvalet og kommunestyret, oktober 2017

SAK 21/15

VEDKOMANDE BUDSJETT 2016 – STRANDA KONTROLLUTVAL

Saksdokument datert 12.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til 60.000 kroner.

SAK 22/16

MULIGE TEMA FOR NESTE MØTE

(Saka kom opp under eventuelt)

Møteplan
Arbeidsdeling
Gjennomgang av reglement for kontrollutval'
Møtetidspunkt

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Helge Kvame
nestleiar
(sign.)

Anne Melgaard
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
varamedlem
(sign.)

Kåre Rørhuus-Øye
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 25.01.2016

**SAK 02/16
AVLYSING AV ANBODSKONKURRANSE VA-ANLEGG SVEMORKA - FURSET**

Som vedlegg følger:

- Notat fra Inge Gjærde datert 22.01.2016 med vedlegg
- Brev frå rådmannen datert 13.01.2016
- Notat frå advokat Kjetil Kvammen datert 25.12.1016

Saksutgreiinga vil berre ta for seg avlysinga av anbodskonkurransen.

Å avlyse ein konkurranse med øyeblikkeleg verknad krev sakleg grunn. Denne grunnen kan gjelde forhold hjå andre eller forhold hjå oppdragsgjevaren sjølv. Mulige krav til sakleg grunn kan vere endra økonomiske føresetnader i kommunen, feil i konkurransegrunnlaget og grunnleggjende endra føretsetnader som gir manglende konkurranse.

Av avokat Kjetil Kvammen sitt notat av 25.01.2016 er det ikkje sakleg grunn dersom

-Stranda kommune burde ha forutsett avlysningsgrunnen før konkurransen ble utlyst.

-grunnen beror på en tidligere feil som kommunen selv kan bebreides for. Da er avlysningsgrunnen i og for seg saklig nok, slik at selve avlysningen kan skje erstatningsfritt. Men det kan da bli gjort gjeldende at kommunen likevel, på selvstendig grunnlag, kan gjøres ansvarlig for selve den tidligere feilen.

Det går altså fram av notatet at i brevet frå rådmannen oppgir kommunen ein avlysningsgrunn som kommunen burde ha forutsett før konkurransen vart utlyst, nemleg rettsverknadane av utløpet av ein vedståingsfrist og at det ut i frå dette ikkje sakleg grunn for avlysinga.

Rådmannen har ikkje oppgitt grunn utover overskriding av vedståingsfristen. Sjølvforskyldt venting har ført til at fristen er ute.

Det synest ikkje å ligge føre kommunestyrevedtak på avlysing av anbodskonkurransen sjå vedtaket under:

Kommunestyret sitt vedtak i sak 130/15 lyder slik:

1. *Kommunestyret ber om å få framlagt sak knytt til anbod for nytt til nytt høgdebasseng og kjerneboring gjeldande tilførselsvatn til mellom anna Svemorka industriområde.*
2. *Stranda kommune står fast på at VA anlegg Svemorka – Furset – Berge skal gjennomførast, der nødvendig tilpaassing av anlegg for vassanlegg som skal tilkoplast nytt høgdebasseng vert lagt i grøfta, og justert jamf grøfteskjema for anlegget.*
3. *Pris skal vektast 100%. Det skal fastsetjast ferdigstillingsdato, og eventuell overskridig av denne medfører dagmulkt jamfør Plan og bygningslova.*

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Det er kontrollutvalet si meining at ei avgjerd om avlysing av anbodskonkurranse må vere forankra i vedtak i eit politisk organ, kommunestyret eller det organ som har delegert mynde i slike saker.
2. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det ligg føre slikt vedtak i saka VA-anlegg Svemorka-Furset.
3. Etter reglement for formannskapet vedtatt i kommunestyret 02.09.2015, er formannskapet teknisk plan- og byggenemnd for alle bygge- og investeringsprosjekt som ikkje er lagt under fast plan og byggenemnd, også gjeldande anbod og kontraktsinngåing. For å sikre at kommunen gjer eit gyldig vedtak i anbodssaka, vil kontrollutvalet tilrå at spørsmålet om avlysing av anbodsrunden blir lagt fram for formannskapet, og deretter for kommunestyret for endeleg avgjerd.
4. Sakleg grunn ligg ikkje føre dersom kommunen burde ha føresett avlysningsgrunnen før konkurransen vart utlyst.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT vedk. Anbudsprosess for VA-anlegg Svemorka-Furset

IG/22.01.2016

1. **Møte i MK** (hovudutvalet for miljø og kommunalteknikk) **18.juni 2015**. Innstilling frå rådmannen om å gi oppdrag om bygging av VA-grøft Svemorka- Furset til Kveen AS, Stryn. Konkurransesgrunnlaget for prosjektet er utarbeidd av Provar AS. Etter utlysing på DOFFIN kom det inn 6 tilbod. To av desse vart avvist. Rådmannens tilråding var i samsvar med tilråding frå Provar, og basert på poengsum, lågaste pris og kortast byggetid. MK gjorde samrøystes vedtak om å **utsette saka**.
2. **Møte i MK 2. juli 2015**. Saka lagt fram uendra frå administrasjonen. Framlegg om på nytt å utsette saka fall med leiarens dobbeltstemme. Utvalet gjorde så vedtak i samsvar med tilråding om å gi oppdraget til Kveen AS. Kostnad NOK 10.107 128 eks. mva. Røystetal ikkje oppgeve i protokollen.
3. **Klage på vedtaket** i MK 02.07.15 datert/mottatt 24.07.15 frå advokat Hallgrimsen Fagervoll på vegner av Stranda anleggsservice (SAS) og Opshaug Sandtak AS. Klage også frå Anleggsservice Sykkylven.
4. **Møte i MK 20. august 2015**. Handsaming av klager. Rådmannens innstilling var avvising av begge klagene. Utvalet gjorde derimot vedtak om å ta klaga frå Opshaug/SAS til følge og avvise Kveen AS frå konkurransen p.g.a. manglande grøfteplan. Vedtak gjort med 4 mot 3 røyster. Den andre klaga vart samrøystes avvist.
5. **Tildeling av oppdraget** til Opshaug/SAS vart sendt skriftleg til partane 28.08.2015. Her vart også oppgeve klagefrist på 3 veker.
6. **Kommunestyremøte 2. september 2015**. Sak: Reglement for byggesaker samt anbod/kontraktinggåing. Det vart her presisert at det er formannskapet som har delegert mynde til å vere byggenemnder og styre prosessen med anbod og kontraktar. Tidlegare praksis låg dette til MK. Dette vedtaket får konsekvens for den vidare handsaming av den aktuelle VA-saka.
7. **Kveen AS klager** den 15. 09.15 på vedtaket i MK 20.08.15. Som grunnlag for klaga støtta Kveen seg til uttale frå advokatfirmaet Grette.
8. **Klaga frå Kveen er til no (22. januar 2016) ikkje vore handsama** i noko organ i Stranda kommune. Det er heller ikkje inngått kontrakt med Opshaug/SAS i samsvar med gyldig

vedtak i MK 20.08.15. Vedståingsfristen for tilbodet gjekk ut 21.09.15. Trass oppmoding frå Opshaug/SAS 05.11.15 om å forlenge fristen, tok ikkje kommunen initiativ til det.

9. Til møte i MK 26. november 2015 la rådmannen fram ei **innstilling om å avlyse anbodskonkurransen**. Grunngevinga var basert på at det hadde kome fram nye opplysingar om behov for langt større volum av brannsløkkingsvatn enn tidlegare opplyst frå Orkla. Desse opplysinga vart kjent for administrasjonen i kommunen 27. september. Administrasjonen (NB!) ville prioritere eit høgdebasseng framfor avløpsgrøft. Vidare var vedståingsfristen gått ut, og det vil då vere lovbrøt å inngå kontrakt. Derfor måtte anbodsrunderen avlysast. **Saka vart korrekt trekt tilbake**. Etter presiseringa i kommunestyret 02.09.15 er det formannskapet som skal handsame ei slik sak. I neste omgang også kommunestyret då det berre er dette organet som kan prioritere mellom avløpsgrøft og eit eventuelt høgdebasseng.
10. **Klaga frå Kveen AS blir ikkje handsama**, berre drøfta i formannskapet den 30. november 2015.
11. **Møte i formannskapet 14. desember 2015**. I sak 127/15 Kriterie for anbod VA gjer formannskapet ei samrøystes tilråding til kommunestyret, der dei tre første punkta gjeld anbodsprosessen for Svemorka. (1) Stranda kommune står fast på at VA-anlegg Svemorka-Furset-Berge skal gjennomførast som planlagt, der nødvendig tilpassing av anlegg for vassanlegg som skal tilkoplast nytt høgdebasseng, vert lagt i grøfta og justert jamf. grøfteskjema for anlegget. (2) Formannskapet behandlar innkomen klage på anbodet, og kommunestyret behandlar saka som klageorgan, jamf. nytt reglement. (3) Stranda kommune lyser ut to nye anbod gjeldande nytt høgdebasseng samt kjerneboring gjeldande tilførselsvatn blant anna Svemorka industriområde. Denne tilrådinga vart ikkje lagt fram for kommunestyret i denne forma. Sjå punkt 12 og 13.
12. **Møte i formannskapet 16. desember 2015**. Sak 127/15 lagt fram på nytt ? Ordførarens framlegg om å utsette saka vart vedtatt mot 1 røyst.
13. **Kommunestyremøte 16.12.2015**. Kommunestyresak 130/15. Eit omforeint framlegg i 3 punkt vart vedtatt samrøystes. Punkt 1 og 2 er relevante for anbodsprosessen. (1) Kommunestyret ber om å få framlagd sak knytt til anbod for nytt høgdebasseng og kjerneboring gjeldande tilførselsvatn til mellom anna Svemorka industriområde. (2) **Stranda kommune står fast på at VA-anlegg Svemorka-Furset-Berge skal gjennomførast, der nødvendig tilpassing av anlegg for vassanlegg skal tilkoplast nytt høgdebasseng vert lagt i grøfta, og justert jamf. grøfteskjema for anlegget**.
14. Samanlikna med den opphavelege tilrådinga frå formannskapet 14. desember, er det **punktet om at formannskapet skal behandle klaga frå Kveen som er falt bort**. Frå talarstolen vart det opplyst frå gruppeleiaren i Senterpartiet, Ann Kristin Langeland, som stod

bak det omforeinte framlegget, at klagesaka var utsett til seinare avgjerd. Første møte i formannskapet på nyåret var bestemt til 18. januar 2016.

15. **Rådmann Åse Elin Hole sender brev til alle entreprenørane om at anbudet er avlyst**, med grunngjeving i at vedståingsfristen er ute. Brevet er sendt ut før formannskapsmøtet den 18. januar.
16. Representantar frå Opshaug/SAS har møte med ordførar og administrasjonen måndag 18. januar. Etter som eg forstår vart det her berre frå kommunen si side stadfesta det standpunktet administrasjon og ordførar har tatt i saka. **Ordføraren tolkar vedtaket i kommunestyret 16. desember som grunnlag for å kunne avlyse anbodsrunder.**
17. **Gruppeleiar i Framstegspartiet Frank Sve** har i e-post til ordførar 22. januar bedt om at VA-saka for nytt VA-anlegg frå Svemorka må settast på sakskartet for kommunestyremøtet 26. januar. I alle høve må saka settast på dagsorden på formannskapsmøtet same dag. Han viser m.a. til at det berre er formannskapet som har mynde til all behandling kring anbod m.v. Han forventar at brevet frå rådmannen med avlysing av anbudet blir trekt tilbake alt før dette møtet.
18. **Behandling i kontrollutvalet.** Legge opp til ekstraordinært møte i kontrollutvalet alt 26. januar, med utgangspunkt i brevet frå rådmannen om avlysing av anbod. Kva for politisk forankring kan det visast til for avlysing av anbodet? Er det juridiske kravet til sakleg avlysing oppfylt ved åleine vise til utgått vedståingsfrist?

1.

- Konsulent Ringset gikk vekk frå standaren i å tilrå Stranda Kommune å bruke Kveen som ikkje leverte komplett anbod. –Står klart i teksten kap. 3 (vedlegg 1).
- Det førde til at MK stemte fram denne tilrådinga 2/7-15
- Opshaug/SAS klaga på dette vedtaket med at anbodet til Kveen ikkje var komplett og forklarte dette så godt som råd.
- Når Opshaug/SAS klaga, ba vi om innsyn i alle dokument og korrespondansen mellom Stranda Kommune og Kveen. (det fekk vi, slik som det skulle vere)

2.

I neste MK møte (20/8-15) deltok konsulent Ringset, og bekrefta at han hadde presisert på synfaringa at grøfteskjemaet måtte utfyllast. Han sa også at han angra på at han tok denne telefonen til Kveen i lag med administrasjonen for å forhøyre seg om prisane deira. Tvilst å sitte i lag med byggherre å gjere det på denne måten.

Opshaug/SAS vart tildelt oppdraget i MK 20/8-15. (Vedlegg 2).

3.

Kveen klaga på denne avgjerda.

Spurde sjølvst om innsyn i dokument med Opshaug/SAS sin korrespondanse. Det fekk dei, med Opshaug /SAS prisane !!! Ref. klaga til Kveen.(Vedlegg 3) (Til opplysning er deira påstand om at våre prisar ikkje stemmer tilbakevist og avklara).

4.

MK behandla ikkje denne klaga i påløpande møte 10/9-15. Kvifor la ikkje administrasjonen fram denne saka ?(Her fekk vi opplyst at klaga kom inn den 15/9-15)

Stranda kommune fekk ikkje mengder vatn frå ORKLA før **etter** vedståelsesfristen var ute. Kva var då grunnen til at dei ikkje behandla klaga til Kveen.? Vedståelsesfristen var ikkje ute før 21/9-15. Kvifor vart ikkje denne då evt. forlenga ?

5.

MK behandla heller ikkje Kveen si klage i møte 1/10, 29/10. Saka vart trekt i møtet 26/11-15. Der fremja administrasjonen forslag om å avlyse.

6.

Opshaug/SAS var i møte med ordførar den 5/11-15 der vi påpeikte at Stranda Kommune måtte be om utsettelse på vedståelsesfristen. Det vart ikkje gjort. Kvifor ?

7.

Klaga til Kveen blir fortsatt ikkje behandla, berre drøfta i Formannskapet 30/11-15

Formannskapet 14/12-15: Formannskapet kom med tilråding til kommunestyret med punkt 1-3 (Vedlegg 4)

Formannskapet 16/12-15: Formannskapet vel å utsette klagesaka (Vedlegg 4)

Kommunestyret 16/12-15: Kommunestyret gjer vedtak om punkt 1-3 (Vedlegg 4)

Vedtaket som vart gjort i formannsskapet 14/12 er nesten identisk med kommunestyrevedtaket 16/12. Forskjellen er at punktet om å handsame klagen frå Kveen er teke bort. Frå talarstolen vart det av Ann Kristin Langeland sagt at klagesaka skulle utsettast.

Ordføraren sier frå talarstolen at det skal jobbast kvar dag fram til formannskapsmøtet den 18/1-16 med å kunne møte Orkla sine behov i juni. Likevel står det ikkje som sak til formannskapsmøtet 18/1-16.

MEN Rådmann Hole, sender ut brev til alle entreprenørane om at anbudet er avlyst, med begrunnelse i at vedståelsesfristen er ute.

Ifølge KOFA er ikkje dette med at vedståelsesfristen er ute noko argument som dei ser på som veldig alvorleg, (vedlegg 5). Kommunen bryt lova no dersom dei vel å avlyse. Det må vere sakleg grunn til å avlyse. Anskaffelsesexperten (kommunen sin innleigde advokat) brukar heller ikkje vedståelsesfristen som noko argument. Argumentet til Anskaffelsesexperten er at kommunen ynskjer å prioritere brannsløkkingsvatn framfor avløpsledning. Det er heilt klart ein sakleg grunn for å avlyse anbodskonkurransen. Men så lenge kommunestyret vel å vedta begge deler, så er grunnlaget for å avlyse vekke.

Kommunestyrevedtaket som var gjort 16/12-15 seier at grøfta skal gjennomførast, der nødvendig tilpassing av anlegg for vassanlegg som skal tilkoblast nytt høgdebasseng vert lagt i grøfta, og justert jmf grøfteskjema for anlegget.

Det er etter vår oppfatning ikkje gjort noko som helst vedtak om at anbodskonkurransen skal avlysast.

Vedtaket frå MK 20/8-15 står framleis, som seier at Opshaug/SAS har blitt tildelt oppdraget. Eit gyldig vedtak er gjeldande fram til det evt vert omgjort.

Ingen sakleg grunn til avlysning.

I følgje vår advokat så er det ingen politkar som blir personleg ansvarleg i ei kommune, slik som ordførar hevda frå talarstolen på kommunestyremøtet den 16/12-15.

Det er heilt klart vi, Opshaug/SAS, som taper STORT på dette rotet og tullet her. Vi har fått tildelt ein jobb i august og dette har påverka oss i forhold til andre prosjekt, som no kan få store konsekvensar

dersom vi likevel ikkje kan starte på grøfta. For SAS sin del så er det permittering for mange av dei tilsette.

Kommunen snakkar om kva som vert konsekvensen for dei, men kva med konsekvensen for entreprenørane ? Vi er ein uskuldig part som har brukt mykje ressursar på dette, har levert eit fullstendig anbod, MK har gjort vedtak om at vi skal få jobben..

Kommunen ynskjer oss velkomen til å gje tilbod i ny konkurranse, men korleis tenker kommunen om det når administrasjonen har gitt ut våre enheitsprisar ?

Stranda kommune driv heilt klart dårleg forretningsverksemd og er ikkje profesjonell i denne saka.

Erstatningskrav kan kome på tale.

Tillegg 19/1-16:

Dette er det skrivet som vi brukte i møte med administrasjonen den 18/1-16.

Til orientering har SAS no sendt ut permitteringsvarsel til sine tilsette.

Vår advokat Hallgrim Fagervold har fått orientering om at kommunen har sendt ut brev om avlysing. Han meiner at dette er det verste og dyraste kommunen kunne gjere i forhold til erstatningssøksmål. Å avlyse med grunnlag i vedståelsesfristen har liten konsekvens, medan å avlyse utan sakleg grunn er ulovleg.

I formannskapsmøtet den 18.01.16 vart det frå administrasjonen(Bjørnar Andersen) informert om at vedståelsesfristen var utgått. Dersom ein inngår kontrakt etter at denne fristen er utgått, gjer ein eit ulovleg direkte innkjøp.

Ordføraren informerte om at dei vil følgje opp vedtaket i kommunestyret den 16/12-15 med å lyse ut anbudet på nytt. Anbudspapira er under arbeid og er snart klare.

Kapittel: 1 BETINGELSER FOR KONKURRANSEN - 03 KRAV TIL TILBUDET

Postnr	Spesifikasjon
1.03.1	<u>Tilbudets utforming og levering</u> Tilbudet skal være skriftlig og i svardokumentet skal samtlige poster være komplett utfyllt. Tilbudet skal være datert og undertegnet med stempel og firmaets navn. Komplett utfyllt utskrift fra elektronisk versjon eller manuelt utfyllt kopi av kabittel 2 i konkurransegrunnlaget (MATERIAL OG ARBEIDSBESKRIVELSE) skal innleveres sammen med svardokumentet og utgjør sammen med den dokumentasjon det er bedt om, et komplett anbud. For å lette anbudsbehandlingen skal entreprenøren på forespørsel levere elektronisk prisfil som samsvarer med dokument innlevert før anbudfrist.
1.03.2	<u>Merking av tilbudet</u> Tilbudet skal leveres i lukket forsendelse og være merket: "Tilbud VA-Svemorka"
1.03.3	<u>Innleveringssted</u> Tilbudet skal innleveres til: Standa kommune Servicetorget Øyna 13 6200 Stranda
1.03.4	<u>Tilbudsfrist</u> Tilbudet skal være innlevert innen: Fredag 15.05.2015 kl. 1300



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Steinar Belsby

Vedlegg 2

Melding om vedtak

Stranda Anleggsservice AS
Ødegårdsvegen 127
6200 STRANDA

Vår ref.:
2014001910- 32

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2 - M32

Dato:
28.08.2015

Avløpsplan Svemorka - Furset - Berge - Klagesak

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

20.08.2015 MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK 056/15

1. Stranda kommune opphever vedtak i sak MK 053/15 den 02.07.15 med bakgrunn i at anbudet til Kveen AS blir avvist pga manglande grøfteskjema.
2. Stranda kommune vel Stranda Anleggsservice/Opshaug AS som entreprenør for prosjektet.
3. Klage frå Anleggsservice as i Sykkylven vert avvist med bakgrunn i dokumentasjon frå Norconsult AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dato brevet er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Eventuell klage skal sendast skriftleg til det organet som har fatta vedtaket. Ver vennleg å oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne meldinga kom fram.

NB! Partsbrevet vert sendt på nytt, då alle tilbydarar dessverre ikkje fekk tilsendt siste vedtak. Alle får dermed ny og lik klagefrist.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Steinar Belsby
Kommunalsjef plan- og utvikling

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.



Vedlegg 3

Vi bygger stein på stein

For ordens skyld presiseres det at det heller ikke foreligger grunnlag for avvisning etter FOA § 11-11 (2).

3. Motstridende priser i tilbudsskjema og grøfteskjema

Vi har fått innsyn i grøfteskjema innlevert av Stranda Anleggsservice AS/Opshaug Sandtak AS. Vi har videre avsjekket med Stranda Kommune v/Norconsult at Stranda Anleggsservice AS/Opshaug Sandtak AS med flere, opererer med priser i grøftetabell som ikke er i samsvar med deres priser for grøfter som er priset i tilbudsgrunnlagets kap.2. Således hersker det her tvil om priskonsekvens av deres tilbud.

Det fremgår av grøfteskjemaet hos Opshaug m.fl. at det der opereres med andre priser enn de som er oppgitt i kravspesifikasjonens kapittel 2. I et slikt tilfelle er KOFAs sak 2012/94 – som det er vist til i klagen av 24.07.2015 – direkte anvendelig. Det fremgår blant annet av nevnte sak at i slike tilfeller må anbudet avvises.

Subsidiært hevdes det således at Stranda Anleggsservice AS/Opshaug Sandtak AS, og event. flere som ikke har samsvar mellom prising i grøftetabell og prisede prosessbeskrivelser, avvises fra konkurransen.

4. Avslutning

På bakgrunn av det ovenstående ber vi om at Stranda kommune gjør om beslutningen av 24.08.2015, og går tilbake til den opprinnelige tildelingen til Kveen AS. En eventuell videre prosess med tvister og advokater vil kreve svært store ressurser. Vi mener det er bedre å komme i gang med jobben slik det er forutsatt.

Med vennlig hilsen

Kveen AS


Jon Gudbrand Kveen Øvre-Flo
Daglig leder

Side 3 av 3

Telefon: 57 87 20 00
Telefaks: 57 87 20 17
Vaktelefon: 48 02 73 73
NO 929 485 467 MVA

Entreprenørforening • Bygg og anlegg



MASKIN-
ENTREPRENØRENE
FORBUND

vedlegg 7

FOR- 126/15 Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet i 14.12.15. vert godkjent slik den ligg føre.

127/15: Kriterie for anbod VA

Rådmannen si tilråding:

Ved vurdering av innkomne tilbud vil følgjande kriterie og vekting bli lagt til grunn.

Pris vektas 90% på ein skala frå 1 til 100.

Lågast pris gjev maksimal uttelling ($100 \times 90\% = 90$ poeng).

Lineær reduksjon i poengberekning for høgare pristilbod oppad til dobbel pris.
2,0 x lågast pris, eller meir, gjev inga uttelling (0 poeng).

Byggjetid vektas 10% på ein skala frå 1 til 100.

Kortast byggjetid gjev maksimal uttelling ($100 \times 10\% = 10$ poeng).

Lineær reduksjon i poengberekning for lengre byggjetid oppad til dobbel byggjetid.

2,0 x kortast byggjetid, eller meir, gjev inga uttelling (0 poeng).

Maksimal uttelling med lågast pris og kortast byggjetid gjev 100 poeng.

14.12.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg under møtet

Framlegg frå Frank Sve:

1. Stranda kommune står fast på at VA anlegg Svemorka- Furset- Berge skal gjennomførast som planlagt, der nødvendig tilpassing av anlegg for vatn anlegg som skal tilkoplast nytt høgdebasseng, vert lagt i grøfta og justert jamf grøfteskjema for anlegget.

2. Formannskapet behandlar innkomen klage på anbudet , og kommunestyret behandlar saka som klageorgan jamf nytt reglement.

3. Stranda kommune lyser ut to nye anbod, gjeldande nytt Høgdebasseng samt kjerneborring gjeldande tilførselsvatn til blandt anna Svemorka industriområde.

4. Med visning til pkt. 3 vert vurdering av innkomne tilbud til følgjande kriterie og vekting bli lagt til grunn.

Pris vektas 90% på ein skala frå 1 til 100.

Lågast pris gjev maksimal uttelling ($100 \times 90\% = 90$ poeng).

Lineær reduksjon i poengberekning for høgare pristilbod oppad til dobbel pris.
2,0 x lågast pris, eller meir, gjev inga uttelling (0 poeng).

Byggjetid vektas 10% på ein skala frå 1 til 100.

✓✓

3 α

Kortast byggjetid gjev maksimal uttelling ($100 \times 10\% = 10$ poeng).
Lineær reduksjon i poengberekning for lengre byggjetid oppad til dobbel byggjetid.
2,0 x kortast byggjetid, eller meir, gjev inga uttelling (0 poeng).

Maksimal uttelling med lågast pris og kortast byggjetid gjev 100 poeng.
Samrøystes

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret samrøystes:

FOR- 127/15 Vedtak:

Punkt 7 (1-3)

1. Stranda kommune står fast på at VA anlegg Svemorka- Furset- Berge skal gjennomførast som planlagt, der nødvendig tilpassing av anlegg for vatn anlegg som skal tilkoplast nytt høgdebasseng, vert lagt i grøfta og justert jamf grøfteskjema for anlegget.
2. Formannskapet behandlar innkomen klage på anbudet , og kommunestyret behandlar saka som klageorgan jamf nytt reglement.
3. Stranda kommune lyser ut to nye anbud, gjeldande nytt Høgdebasseng samt kjerneboring gjeldande tilførselsvatn til blandt anna Svemorka industriområde.
4. Med visning til pkt. 3 vert vurdering av innkomne tilbod til følgjande kriterie og vekting bli lagt til grunn.

Pris vektas 90% på ein skala frå 1 til 100.

Lågast pris gjev maksimal uttelling ($100 \times 90\% = 90$ poeng).
Lineær reduksjon i poengberekning for høgare pristilbod oppad til dobbel pris.
2,0 x lågast pris, eller meir, gjev inga uttelling (0 poeng).

Byggjetid vektas 10% på ein skala frå 1 til 100.

Kortast byggjetid gjev maksimal uttelling ($100 \times 10\% = 10$ poeng).
Lineær reduksjon i poengberekning for lengre byggjetid oppad til dobbel byggjetid.
2,0 x kortast byggjetid, eller meir, gjev inga uttelling (0 poeng).

Maksimal uttelling med lågast pris og kortast byggjetid gjev 100 poeng.

16.12.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg under møtet:

Framlegg frå Jan Ove Tryggestad:

Saka utsett

Framlegget fekk 6 røyster

Møtebehandling

Vedtak med 6 mot 1 røyst

FOR- 129/15 Vedtak:

Saka utsett

16.12.2015 KOMMUNESTYRET

KOM- 129/15 Vedtak:

Saka trekt

130/15: Kriterie for anbod VA

Rådmannen si tilråding:

Ved vurdering av innkomne tilbod vil følgjande kriterie og vekting bli lagt til grunn.

Pris vektas 90% på ein skala frå 1 til 100.

Lågast pris gjev maksimal uttelling ($100 \times 90\% = 90$ poeng).

Lineær reduksjon i poengberekning for høgare pristilbod oppad til dobbel pris.

2,0 x lågast pris, eller meir, gjev inga uttelling (0 poeng).

Byggjetid vektas 10% på ein skala frå 1 til 100.

Kortast byggjetid gjev maksimal uttelling ($100 \times 10\% = 10$ poeng).

Lineær reduksjon i poengberekning for lengre byggjetid oppad til dobbel byggjetid.

